

Fra: [Johann Roppen](#)
Til:
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 31/2020, 10. SEPTEMBER
Dato: torsdag 10. september 2020 08:01:11

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 31/2020, 10. SEPTEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

HØGSKULESTYRET: MØTE 10. SEPTEMBER

Det første styremøtet hausten 2020 vert halde torsdag 10. september. Lenke til strøyming finn du på www.hivolda.no. Blant sakene som står på dagsorden er namn på det nye mediehuset, ny campusutviklingsplan, etatstyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, spørsmål om intern flytting av fagmiljøet på DKL (Digital kompetanse i læring)

[Styrepapira er tilgjengelege på nettsidene våre.](#)

HØGSKULESTYRET (2) REKTORS ORIENTERING TIL HØGSKULESTYRET

Høgskulestyret får på kvart møte ei munnleg orientering frå rektor om aktuelle spørsmål.

Orienteringa til møtet 10. september [kan lesast på rektorbloggen](#).

HØGSKULESTYRET (3) FLEIRE MEDIEOPPSLAG FØR STYREMØTET

Fleire media har omtala styresaka som gjeld mediehuset :

[Manglar 30 millionar til utstyr på nytt bygg](#) (Sunnmørsposten 8.9.2020)

[Fryktar det ikkje vert pengar til innhald til mediebygget i Volda](#) (Khrono, 6.9.2020)

[Har valt namn på nytt mediehus](#) (Møre-Nytt, 3.9.2020)

[Mediebygget: Ny dato for overtaking](#) (Møre)

KUNNSKAPSMINISTEREN OPNAR HVO-KONFERANSE

Nynorsksenteret arrangerer digital fagdag for lærarar 12. november. Opningstalar vert kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby som skal snakke om nynorsk i lærarutdanninga. Blant innleiarane er førsteamanuensis Kristin Kibsgaard Sjøhelle ved Høgskulen i Volda. Meir informasjon om og påmeldingslenke til fagdagen er på [Nynorsksenteret sin blogg](#).

VENTELISTE PÅ BERBARE PC-AR

Då koronaen slo til i vår auka høgskulen utskiftingstakta for å utstyre tilsette med berbare PC-ar. I dag er det ca 80 tilsette som er på venteliste for å få ny PC. Truleg vil halvparten av dei som står på venteliste ha fått ny PC før jul og resten får i 2021.

KORTLÅSANE VENTAR PÅ DELAR

Det manglar framleis delar til dei nye kortlåsane, så arbeidet er ikkje ferdig. Om ein måned vil dei manglande delane kome til Europa (!) og så snart som råd etter det vil kortlesarane også på Høgskulen i Volda bli ferdigmontert og då bli lettare å bruke.

JULEBORDET AVLYST PÅ GRUNN AV KORONA

Det blir ikkje tradisjonelt felles julebord for alle tilsette på Høgskulen i Volda i 2020. Grunnen er at det er for usikkert om arrangementet kan gjennomførast på grunn av korona. Dei avdelingsvise avslutningane vil kunne bli oppgraderte til julebordstandard ut frå vurderingane til kvar einskild avdeling. Det var fellesadministrasjonen som skulle arrangere julebordet i år, men dei får i staden sjansen neste år. Vonleg.

VELFERDSGRUPPA PÅ "OMSORGSTURNE" I SEPTEMBER

Velferdsgruppa vil oppsøke studentar og fagmiljø i løpet av september. Ta vel i mot dei om dei kjem nær ditt undervisningsrom eller dine verkstader! [Les meir om arbeidet i velferdsgruppa i eit tidlegare oppslag på nettsidene våre.](#)

SAKKUNNIGE UTVAL ("KOMMISJONAR"): KRAV TIL SAMANSETTING

For vurdering av opprykk til og søknader på første-/toppstillingar så praktiserer Høgskulen i Volda at det normalt skal vere tre medlemmer av sakkunnige utval, eitt medlem skal vere frå eit anna land enn Noreg og begge kjønn skal vere representert i utvalet.

For faste tilsetningar som høgskulelektor praktiserer høgskulen same reglar som for personleg opprykk til høgskulelektor der sakkunnig utval har to medlemmer som ikkje er tilsett på høgskulen.

Det står meir om dette i "[Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger](#)".

KURS (1) HØGSKULEPEDAGOGIKK HAUSTEN 2020: TILBOD OM FIRE KURS

Hausten 2020 tilbyr høgskulen fire kurs i høgskulepedagogikk til tilsette. Dei fire kursa er:

- [Digital didaktikk i mitt fag og mine emne](#) (Påmeldingsfrist 11.9.2020)
- [Profesjonsfagleg digital kompetanse for lærarutdannarar](#) (Påmeldingsfrist 1.10.2020)
- [Rettleiing på fagtekstar](#) (Påmeldingsfrist 15.10.2020)
- [Pedagogisk basiskompetanse](#) (Påmeldingsfrist 25.10.2020)

Merk at påmeldingsfristen for det første kurset er alt fredag 11. september.

KURS (2) DIGITALT INSPERA-SEMINAR 22.-25. SEPTEMBER

Inspira arrangerer digitalt seminar 22.-25. september og i år er seminaret tilrettelagt for deltaking også for fagtilsette. Ein vel kva for delar av programmet ein vil sjå og lære meir om; - til dømes nytt vurderingsverktøy, grunngjeving og klage for sensorar, inspirasjon til oppgåvesett, tips til forbetring av heimeeksamen og bruk av Urkund plagiatkontroll med meir. Det er mogleg å stille spørsmål undervegs og ein kan også melde seg på diskusjonsgrupper for utveksling av erfaring. Programmet er på engelsk dei to første dagane men torsdag 24. september er undervisningsspråket norsk.

[Her er meir informasjon om seminaret og lenke til påmelding.](#)

ASH HAR STARTA FAGLEG PODKAST

I kjellaren på den tidlegare Møreforsknings-paviljongen har ASH rigga opp studio for innspeling av faglege podkastar. Først ut var videopodkasten til andre studieåret i sosialarbeidarutdanningane. Denne podkasten vert publisert kvar fredag, og er nært knytt til undervisninga. Faglærarane tek opp utfordringar i emnet og svarar på spørsmål som fleire av studentane har reist.

Tilbakemeldinga frå studentar og fagtilsette er at dette er eit artig, spontant og velfungerande opplegg. [Sjå prov på det i ein podkast om podkasten.](#)

ROS TIL FADDERVEKESTYRET

Høgskuleleiinga er svært nøgde med arbeidet som årets faddervekestyre har gjort og [markerte det med lunsj og blomster til det avtroppande styret](#). Uvissa kring korona gjorde at det lenge var usikkert om det vart Fadderveke, men faddervekestyret fekk til ei framifrå Fadderveke som vonleg kan tene som modell også i åra framover.

NYE STIPENDIATAR

[Kirsti Kverndokk Bjerkan](#) og Lill Kristin Mork Bjørgen har teke til som stipendiatar ved Høgskulen i Volda.

PUBLISERINGAR: SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

INFORMASJON OM PEDAGOGISK BASISKOMPETANSE

Pedagogisk basiskompetanse ved HVO

For opprykk til eller tilsetjing som fyrsteamanuensis og professor er det krav om pedagogisk

basiskompetanse, jamfør [Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger](#). Styret ved HVO vedtok i juni 2019 strengare krav til pedagogisk basiskompetanse enn forskrifta, og informasjon om [HVO sine krav kan de lese her](#). Dei strengare krava kjem til syne knytt til kravet til fyrsteamanuensis, men denne må også vere oppfylt for å få tilsetjing som eller opprykk til professor.

Fyrsteamanuensis: Ved HVO godkjenner vi høgskulepedagogikkurset [HPE207: Pedagogisk basiskompetanse](#) som kravet til pedagogisk basiskompetanse. Dette er det einaste kurset som vert automatisk godkjent. Alle andre høgskulepedagogikk kurs vil telje positivt inn i ein søknad om pedagogisk basiskompetanse saman med anna arbeid ein har gjort, og denne søknaden må kommisjonsbehandlast.

Professor: For pedagogisk basiskompetanse for professorar kjem det nokre krav *i tillegg* til kravet til fyrsteamanuensis, som er lik på HVO og overordna forskrift, som du kan lese om i kapittel 2 i [HVO sine krav til pedagogisk basiskompetanse](#).

Ekstern kommisjon: Tilsette på HVO som får vurdert si kompetanse av andre UH-institusjonar og får denne godkjent der, vil normalt også få den godkjent på HVO, her avgjer TUFO. Om kommisjonen tydeleg finn at søkar ikkje har pedagogisk basiskompetanse men elles dekker krava, så må pedagogisk basiskompetanse dokumenterast og godkjennast av ny kommisjon før opprykk vert innvilga på HVO (den nye kommisjonen vurderer då berre den pedagogiske basiskompetanse). Unnateke om vedkomande tar 10 studiepoengkurset i pedagogisk basiskompetanse på HVO, då vil TUFO vurdere og eventuelt godkjenne pedagogisk basiskompetanse, når dette kurset er på plass.

Andre faglege stillingskategoriar: Styret har vedteke at det skal innførast på alle faglege stillingskategoriar, med unntak av høgskulelærer. Dette er det ikkje krav om i [Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger](#). Men så langt har vi ikkje kome og treng litt tid til å innføre ordninga på ein god måte. Styret har også bedt om å få saka tilbake for å gjere naudsynnte justeringar, mellom anna knytt til at den nasjonale forskrifta vil bli justert.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

10.9.2020: [Styremøte](#)

18.9.2020: [Forskingsdagane - Utdeling av FOU-prisen 2020](#)

18.9.2020: Fagdag om nynorsk skriftkultur, Aasen-tunet

23.-24.9.2020: [Karrieredagane](#) (digitalt)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

22.10.2020: Personalseminar, AKF

23.10.2020: [Disputas Kim-Daniel Vattøy](#), NTNU

27.10.2020: Avdelingsseminar, ASH

28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

10.12.2020: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde frå bygginga](#)